

Transcription of the original solicitation letter for the bygdebok collection

The University of North Dakota
Grand Forks 58202
Chester Fritz Library

15 september 1980

Til Bygdesogenemnda

Kjære venner i Norge:

Her ved University of North Dakota i Grand Forks vert det for tida planlagt eit stort senter for ættesoge, eit 'Genealogical Center' eller 'Family History Center', som det meir populært vert kalla. Dette kjem til å bli i eit moderne tillegg til universitetsbiblioteket, som nå er under bygging.

Sidan den største delen av folket her i den Øvre Midt-Vesten er av norsk ætt (enkelte counties har over 80% 'nordmenn'), vil vi sjølv sagt gjerne få tak i alt vi kan av norske bygdebøker, serleg dei bøkene som har med ættesoge å gjere, og som gjev namn og dato på dei som har utvandra til Amerika.

I tidsperioden frå 1825 fram til Første Verdenskrig utvandra omlag 900 000 nordmenn til Amerika, og dei fleste kom til Midt-Vesten. Etterkomarane av desse, kanskje like mange som i heile Norge, visar nå større interesse for sine slektsrøter enn nokon gong før.

Svært mange amerikanarar har namn etter norske gardar eller veit kva gardar dei ættar frå i Norge. Når det er mange gardar med same namn, kan vi som regel styre folk attende til ættegarden ved å slå opp i Ulvestads Nordmændene i Amerika, Ryghs Norske Gaardnavne eller andre kjelder. Det store arbeidet lagt ned i dei fleste norske kommunar [kommunar] med ættesoge vil kunne hjelpe dei fleste med å fylgje ætetrådane hundretal av år attende, og—kanskje endå viktigare—hjelpe dei med å finne fram til si slekt i Norge i dag!

Vårt universitetsbibliotek har for tida ikkje råd til å kjøpe dei omlag 500 bøkene som hittil har kome ut om norske ættesoger. Vi må difor be dei individuelle kommunane [kommunane], --og bankane som stytta utgjevinga av ættebøkene--, om hjelp. Vi veit av røynsle at dei fleste som begynner å granske si slekt vil kjøpe bygdebøker og reise til Norge. (Eg har, t. eks. selt seks eksemplarer av ætteboka for Aurland, kommunen der eg voks opp, berre dei tre siste vekene!).

Vi skal vere svært takksame dersom bygdesogenemnda dykkar, kommunen, eller ein bank kan senda oss ei eller fleire bygdebøker—serleg ættesoger—som gåve til vår samling. I så fall kan bøkene sendast til: [Chester Fritz Library address listed].

Dersom bøkene ikkje kan sendast som gåve, vil vi likevel svært gjerne få vite kva bøker det er råd å få tak i og kva dei kostar. I mange tilfelle kan vi få norsk-amerikanarar til å gje penger til innkjøp av bøker frå sine heimbygder.

Eg kjem til Norge som regel to-tre gonger i året og kan i mange tilfelle hente bøkene. Vi har også viktige kontaktpersonar omkring i Norge som vil hjelpe til med innsamlingen. For å unngå at me får meir enn eit eksemplar av enkelte bøker, vil eg nemne kva bøker vi alt har fått: Frå Sogn har vi Ættebok for Aurland, II, 1964 av Anders Ohnstad og Leikanger Bygdebok, II: Ættesoge, 1979 av Roald Lyngvær. Den siste er gåve frå Leikanger Sparebank. For indre Sogn hjelper bladmann Gerhard Haugland i Sogningen Avis, [address and telephone number listed] til med innsamling av bygdebøkene.

For Hordaland Fylke har vi fått Henrik Meyer Kvalems Ættebok for Granvin, utgevi av Granvin herad i 1975. Stortingsmann Håkon Randal, varaformann i Høgre, har ordna med gåve av Johannes Hjellands bygdebøker frå Bømlo. Håkon var på besøk i Amerika i sommar med ei flott teatergruppe frå Bømlo. Dei gjorde framifrå inntrykk her!

For Buskerud har vi vore heldige å få tak i Lars og Sigurd Reitons Folk og Fortid i Gol [Hol], 8 [7] bind, 1954-1979. Hallingdal og Sigdal er umåteleg godt representert her, og me treng alle bygdebøkene derifrå.

Endeleg har vi fått ein god start med bygdebøker frå Agder-fylkene i sommar. Adjunkt Tallak Frøysnes, [address listed], har fått tak i fylgjande bøker for oss: Vest-Agder: Jon Åsens Hægeland-boka, I: Gard og Ætt, 1951 og Tarjei Liestøls Åseral: Gard og Ætt, I, 1976. Aust-Agder: R. Bollings Gards- og Ættesoge for Bygland og O.O. Ulebergs Hornnes, I: Gards- og Ættesoge, 1969. I august i år hadde eg den store glede å vitje Frøysnesfamilien i Kristiansand og hente desse bøkene personleg! Dotter til Frøysnes, Bjørg Tone, har nettopp studert eit år ved University of North Dakota.

For Telemark har vi endå ikkje fått bygdebøker, men Ragnhild Hagen i Bø; [telephone number listed] er levande interessert i å hjelpe oss der. I Trøndelag har Steinar Robertsen i Forretningsbanken A/S i Trondheim vore av stor hjelp med kulturutveksing mellom Norge og Amerika.

Om meg sjølv må eg få seia at eg ættar from [frå] Flåm i Aurland kommune, Sogn og at eg underviser i germanske språk her ved University of North Dakota. Mi adresse er: [UND address listed]. Eg har vore aktiv i dei fleste norsk-amerikanske samskipnader, og serleg med Sønner av Norge sine charterflyopplegg til Norge. Sidan 1974 har eg også arbeidd mykje med kulturopplegg for norske grupper som har besøkt Amerika: Leikarringar, sangkor, musikkorps, spelemannslag, teatergrupper o.s.b. I 1977 fekk eg tildelt Sankt Olavs Medaljen for mitt arbeid med å styrkje det kulturelle og etniske samband mellom Norge og nordmenn som har flytta ut.

Vi vonar á høyre frá dykk (med flypost) om bygdebøkene.

Vyrdsamt,
[signature]
Arne Brekke
Associate Professor
Languages